

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 05.11.2014:

Framlegg frå SV v. Johan Vaa:

Framlegg til detaljregulering for del av Kostveit 50/1 og del av Sudbø 50/11 vert tilrådd godkjend i medhald av pbl § 12 - 10 med desse endringane :

1. Kolgroper: Presisere omsynssone d) i teiknforklaringa og merke kolgropa med namn i plankartet, rette føresegner om omsynssone d) i tråd med merknad frå fylkeskommunen.
2. Statkraft sin tappetunnel vert lagt inn i plankartet som omsynssone med føresegner.
3. Møteplassar vert lagde inn i plankartet, og det vert lagt til rettes for aktivitetsområde.
4. Føresegner om rekkefylgje:
 - a) «Utbygging kan berre gjerast i samsvar med vedteken vass- og avlaupsplan der tilhøvet til vassressurslova er avklara med NVE.»
 - b) «Det blir ikkje gjeve ferdigattest eller mellombels bruksløyve før vassverk er bygd og godkjent, det er gjeve utsleppsløyve for avlaupsvatn, og reinseanlegg er bygd og godkjent.»

Framlegg frå SV v. Øystein Høgetveit:

A-området vert teke ut.

Røysting:

Ein sette fyrst Vaas framlegg opp mot rådmannens. Vaas framlegg blei vedteke med 5 mot 2 røyster.

Deretter røysta ein over Høgetveits framlegg. Høgetveits framlegg fall med 4 mot 3 røyster.

Vedtaket blei då:

Framlegg til detaljregulering for del av Kostveit 50/1 og del av Sudbø 50/11 vert tilrådd godkjend i medhald av pbl § 12 - 10 med desse endringane:

1. **Kolgroper: Presisere omsynssone d) i teiknforklaringa og merke kolgropa med namn i plankartet, rette føresegner om omsynssone d) i tråd med merknad frå fylkeskommunen.**
2. **Statkraft sin tappetunnel vert lagt inn i plankartet som omsynssone med føresegner.**
3. **Møteplassar vert lagde inn i plankartet, og det vert lagt til rettes for aktivitetsområde.**
4. **Føresegner om rekkefylgje:**
 - a) **«Utbygging kan berre gjerast i samsvar med vedteken vass- og avlaupsplan der tilhøvet til vassressurslova er avklara med NVE.»**
 - b) **«Det blir ikkje gjeve ferdigattest eller mellombels bruksløyve før vassverk er bygd og godkjent, det er gjeve utsleppsløyve for avlaupsvatn, og reinseanlegg er bygd og godkjent.»**

Saksordførar: Johan Vaa